



"Inkluderande, nyskapande og urban"

Årsmelding 2008

Styret har, utan permanent administrasjon, gjort sitt beste for å oppretthalde eit akseptabelt aktivitetsnivå. Styreleiar har i året vore engasjert til å utføra førefallande administrativt arbeid. Dette arbeidet er honorert med kr 2.000,- pr. måned (brutto eks. avgifter).

Etter årsmøte 16. januar 2008, konstituerte styret seg på styremøtet 20. januar 2008 med følgjande medlemmer:

- | | | | |
|---------------------|-------------|--------------|------|
| • Svein Røyrvik | leiar | attval | 1 år |
| • Per Henrik Opdal, | styremedlem | ikkje på val | 1 år |
| • Anna Prestnes | styremedlem | attval | 2 år |
| • Are Blokhus | styremedlem | ny | 2 år |
| • Arve Opsanger | styremedlem | ikkje på val | 1 år |
| • Liv Pedersen | styremedlem | ny | 2 år |
| • Steinar Prestnes | varamedlem | ikkje på val | 1 år |
| • Resy Aak Toresen | varamedlem | ny | 2 år |

Vararepresentantane Steinar Prestnes og Resy Aak Toresen har vore kalt inn til alle styremøta.

Revisorar:

- Leif Helge Særsten
- Kåre Ertsland

Valnemnd:

- | | |
|--------------------------|--------|
| • Knut Digranes | leiar |
| • Otto Blokhus, | medlem |
| • Marianne Lund Andersen | medlem |

Medlemskontigent

Kontingentsatsane har vore dei same som i 2007 og med bakgrunn i dette har styret sendt ut innbetalingsblankettar til medlemmene med grunnlag i nedanforståande tabell.

Private	:kr 210,-per år
Private+ (inkludert ektefelle/samboar)	:kr 300,-per år
Lag og organisasjonar	:kr 500,-per år
Bedrifter - fast ledd	:kr 1500,-per år
- variabelt ledd	:kr 70/årsverk

Styret vil ikkje tilrå å auka kontingenten for 2009.



Styret sitt arbeid

Styret hadde sitt første møte 20. januar 2008 og har hatt 9 møte i året.

Arbeidet med oppgradering av Borvika har blitt meir omfattande og tidkrevjande enn venta. Heile prosjektet er kostnadsrekna til om lag kr 400.000,-. Det er utført arbeid med stiar, grøfting og rydding for tett på kr 50.000,- i året. Noko av dette arbeidet, m.a. toppgrus og finrydding, må gjerast før badesesongen 2009. Arbeidet som er utført tilsvarar tilskotet Husnes Veskt fekk frå Sparebank 1 Kvinnherad i 2007 til prosjektet i Borvika.

Styret har ikkje funne det forsvarleg å starta opp dei mest kostnadskrevjande tiltaka i prosjektet, m.a. badeflate, stupebrett, rampe i betong og utlegging av sand, fordi det ikkje er ordna vedlikehaldsavtale for Borvika.

Toalettbygget som er reist i Borvika har vore i drift i sommar. Det står att litt småarbeid før det er endeleg ferdig. Det skal monterast rampe for funksjonhemma i samband med slutføring av gangstiane. Styret har vedteke å måla toalettet.

Styret i 2008 ønskjer at tiltredande styre for 2009, skal fatta avgjerd om dei vil venda seg til Kvinnherad kommune eller Friluftsrådet Vest, for å freista få til driftsavtale med ein av desse. Begge partar er informerte om arbeidet i Borvika.

Prosjektet er tildelt spelemidlar (50%).

Husnes Vekst har vurdert planane for bustadbygging og naustbygging i Borvika. Det er sendt uttale til Forvaltningsutvalet til begge sakene. Vedk. bustadbygginga peika vi på trafikksikring og ålmenta sin tilgang til Borvika. Vedk. naustbygginga peika vi på at det vart romsleg passasje for ålmenta til og frå Borvika.

Husnes Vekst har ikkje vore representert i styret for Kvinnherad Kulturfestival i år, men det er ytt stønad på kr 10.000,- i år, som tidlegare år. Husnes Vekst ser positivt på kulturtilbodet som blir formidla dei fire festivaldagane.

I forkant av opninga av Halsnøytunnelen hadde vi innspel til Tide og Skyss om å auka busstilbodet mellom Halsnøy og fastlandet, mellom anna for å leggja tilhøva til rette for å ta del i idretts- og kulturtilbod på begge sider av det nye sambandet.

Husnes Vekst er svært glade for den positive effekten Halsnøysambandet har fått for samkvemet mellom unge og eldre på begge sider av tunnelen.

Husnes Vekst har teke ansvar for kantklippinga frå pumpestasjonen v/Søral og fram til rundkøyringa ved Statoil. Det har vore møte med kommunen, vegvesenet, Søral v/Arvid Hellås og Husnes Vekst om at området må få betre vedlikehald.

Ordførar Synnøve Solbakken har engasjert seg og hadde voner om at opparbeiding av området kunne bli innarbeidd i kommunebudsjettet for 2009. Dette har ikkje lukkast.



Styreremedlem i Husnes Vekst, Liv Pedersen, er leiar i Rådet for funksjonshemma i Kvinnherad kommune. Ho har kome med mange gode innspel om utbetringar som ikkje har vore kostnadskrevjande men nyttige både for både friske og funksjonshemma, unge og eldre.

Kvinnherad kommune v/Øyvind Hardeland, skal ha ros for kjapp oppfølging og utbetring av fortauskantar og gangfelt i Husnes sentrum. Det er og gledeleg at Opsangervegen har fått ei lita ansiktsløfting med litt nyasfaltering, men det er påkrevd med ei fullstendig renovering av vegstrekka frå KVV til Statoil. Dette arbeidet er under utgreiing.

Husnes Vekst v/leiar og Liv Pedersen, har og delteke på møte med Husnes Storsenter om tilrettelegging av inne- og uteareal for både friske og funksjonshemma.

Husnes Vekst har gitt innspel til Kvinnherad kommune, Husnes Storsenter og eigar av Tiurvegen 2 (Hybelhuset) og peika på nytteverdien av ein gang-/sykkelsti frå det nye Fagbygget i sentrum, oppom Hybelhuset, via Hidlarvegen og fram til skule- og idrettsområdet. Privat reguleringsplan for Hybelhus-tomta blokkerer for denne idèen i dag, men Husnes Vekst må vera vaken når evt. utbygging på tomta blir fremja.

Stadanalysearbeidet for Husnes er utarbeida. Husnes Vekst, v/Arve Opsanger, har vore medlem i prosjektgruppa og følgd prosessen heile vegen. Husnes Vekst har sendt ein fyldig uttale til stadanalysen. Vi har særleg peika på trongen for nytt tilgjengeleg næringsareal.

Stadanalysen peikar på interessante utviklingspotensiale for Husnesområdet.

Kvinnherad kommune har utarbeida oversikt over næringsareal i kommunen. Fire næringsareal på Husnes er omtala. Berre næringsarealet i sentrum er tilgjengeleg for utbygging i dag. Dei andre areala er i privat eiga og er vanskelege å få teke i bruk.

I Opsangervågen på Sunde er det situasjonen den same. Reguleringsplan er under utarbeiding og arealet er i privat eiga.

Eit av næringsareala det har vore stort engasjement rundt, er Bogsnes-kaien. Her har Bekkenes Eigedom og Knut Rune Fatland hatt ulike interesser for utvikling av området. Bekkenes fekk kommunal velsignelse på å omregulera deler av området som tilleggsområde til det eksisterande bygget deira. Det er positivt. Noreq og Bekkenes-familien har vist ansvar ved tidlegare utbygging av næringsbygg.

Knut Rune Fatland sine planar er svært interessante, og det ville vera positivt om han fekk investorar med seg vidare i utviklinga av prosjektet.

Husnes Vekst har hatt samtalar med Husnes Storsenter, v/senterleiar Geir Jacoben og leiar for leigebuarane, Åsfrid Barstad. Samtalane var av generell karakter. Konklusjonen er at vi har mange felles interesser og at det er trong for samtalar mellom Storsenteret og Husnes Vekst eit par gonger i året for å koordinera tankar og idèar.

Eit samarbeidstiltak er at Husnes Vest i 8 år har hatt ansvar for julelysa langs Opsangervegen i Husnesparken. Kvinnherad vidaregåande si elektrolinje, v/Asbjørn Eikenes, har gjort ein svært dugande jobb, og vist stort engasjement og ansvar, for at "julegata" skal ta seg godt ut. Honoraret for jobben går til skuleturar for elevane.



Husnes Storsenter er blitt ei svært viktig tilvekst for Husnes. Det er imponerende at Mosvoll & Co., Atle Helle eigedom og Storebrand har investert godt over ein halv milliard kroner i utbygginga. Desse investeringane gjev grunn til optimisme, sjølv om tidene snudde om lag samtidig med hovudopninga i oktober. Så langt vi har registrert har dei handlande fått positive tilbakemeldingar på det nye senteret.

Den omfattande opparbeidinga av uteområdet mellom Aksa og den nye restaurant-delen, vonar vi vil bli den attraksjonen vi er førespegla. Vi gler oss til opninga!

Husnes Storsenter har investert både pengar og prestisje i utbygginga. Samlokalisering av all handelsverksemd i sentrum vil venteleg gje positive effektar når alt er på plass.

Denne samlokaliseringa gjev dermed plass til nye aktivitetar i bygget til Herskedal og Husnes Røyr.

Flytting av lensmannskontoret til Husnes, har vore ei kampsak for Husnes Vekst gjennom mange år. No når flyttinga er vedteken, kan kanskje lensmannskontoret med tilhøyrande fasilitetar finna desse lokala tenlege?

Husnes Vekst har delteke samtalar om utvikling av idrett-, oppvekst-, skule- og eldreområdet på Husnes. Dette området har hatt positiv utvikling og auka aktivitet siste åra. Husnes Vekst ønskjer å delta i vidareutvikling av området i samarbeid med andre aktørar i dette området.

HusnesVekst har vore aktiv og delteke i samfunnsdebatten med pressemeldingar og uttalar i ulike saker gjennom året.

Selskapet har eiga nettside. Denne skal vera ein kommunikator med medlemar og andre interesserte. Anna Prestnes skal ha ros og takk for arbeidet med nettsida.

Økonomi

Organisasjonen har neagativt driftsresultat med kr 20.047,- (underskot) i 2008. Det er likevel god likviditet og pr. 31.12.2008 er kr 325.481,- disponibelt på foreningskonto. Det er i tillegg avsett kr 22.256,- på skattekonto, snaue 6.000,- av desse er bundne midlar. Resten skal overførast til foreningskonto i 2009. Det er avsett kr 24.000,- (pluss avgifter) til honorar til styreleiar for 2008.

Husnes, 19. januar 2009

Svein Røyrvik
styreleiar

Anna Prestnes
styremedlem

Arve Opsanger
styremedlem

Per Henrik Opdal
styremedlem

Liv Pedersen
styremedlem

Are Blokhus
styremedlem